

---

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Sendt:** fredag 20. oktober 2017 12.55  
**Til:** postmottak@askoy.kommune.no; Post Austrheim;  
fitjar@fitjar.kommune.no; postmottak@granvin.kommune.no; Post  
Masfjorden kommune; Postmottak Modalen;  
postmottak@ullensvang.herad.no;  
postmottak@bergen.kommune.no;  
postmottak@eidfjord.kommune.no; post@etne.kommune.no;  
Postmottak Fedje; postmottak@voss.kommune.no;  
postmottak@fjell.kommune.no; Postmottak Lindås; Postmottak  
Radøy; post@stord.kommune.no; postkasse@fusa.kommune.no;  
Postmottak Meland; post@odda.kommune.no; Postmottak Vaksdal;  
Postmottak Austevoll; landbruk@bergen.kommune.no;  
postmottak@bomlo.kommune.no; post@kvinnherad.kommune.no;  
postmottak@os-ho.kommune.no;  
postmottak@samnanger.kommune.no;  
postmottak@sund.kommune.no; postmottak@sveio.kommune.no;  
postmottak@ulvik.kommune.no; postmottak@kvam.kommune.no;  
post@tysnes.kommune.no; postmottak@oygarden.kommune.no;  
post@jondal.kommune.no; Post Osterøy  
**Kopi:** fmhooyv@fylkesmannen.no  
**Emne:** Erstatning klimabetinga avlingsvikt grovfôr - utfyllande  
opplysningar

Her følger e-post som tidlegare i dag blei sendt til sakshandsamarar landbruk på Fylkesmannen si e-postliste:

Hei igjen! Sjå under for ny oppdatert info ang erstatning avlingsvikt grovfôr!

Vi vil òg invitere dykk til eit Skype-møte måndag kl. 09:00 for å informere nærare og svare på spørsmål som de måtte ha.

Ring opp dette nr og tast konferanse-ID:

---

→ [Bli med i Skype-møte](#)

Har du problemer med å bli med? [Prøv Skype Web App](#)

Bli med over telefon

[+4757643250](tel:+4757643250) (Telenor)

Norsk bokmål (Norge)

Konferanse-ID: 155805

Når bøndene melder avlingssvikt til kommunen; hugs å fortelje at:

- Dei bør ta fôranalyse for å kunne fange opp låg fôreiningskonsentrasjon i år, og dermed lågare avling enn «tal rundballar» kan tilseie!
- Det er normalt sett krav om å hauste all avling for å kunne få erstatning for avlingssvikt. Dersom ein skal ha rett til erstatning utan å hauste til dømes andreslåttan på eit areal, må kommunen vere på synfaring og godkjenne dette. Det kan vere grunnleggjant anten med at det ikkje er tilhøve til å kunne hauste eller at det ikkje er verdi igjen i den avlings som står på jordet.
- Søkjar har ansvar for at det blir levert dokumentasjon av kva som er årsak til skade; bilete og/eller fagleg vurdering får Landbruksrådgivinga eller kommunen.
- Søkjaren bør gå inn i elektronisk søknadsskjema i god tid før søknadsfristen. Dersom behov for hjelp, sjå Landbruksdirektoratet si [nettside: video «hvordan logge inn og søke»](#) eller spør kommunen i god tid før søknadsfrist.

**NB! NB! ENDRING I PRAKTISERING AV REGELVERK, MED UMIDDELBAR VERKNAD:**

**Dårleg fôreiningskonsentrasjon i år kan *likevel* kan bli teke omsyn til ved utrekning av ka som er årest avling. Dette må vere dokumentert med fôranalyser.**

Endringa kjem etter vedtak frå Landbruksdirektoratet i går. Moglegheita til å korrigere FEem-avlinga etter fôranalyser blei fjerna frå regelverket i 2016, men er frå no av tilbake! Dette gjer det litt meir sannsynleg å kunne få erstatning, og større grunn til å søkje.

Etter det vi veit per no: Særs viktig at søknad blir sendt innan fristen, og at ein skriv i merknadsfelt at fôranalyser blir ettersendt.

Detaljert informasjon kjem snarleg frå Landbruksdirektoratet, inkludert kva krav som blir sett til prøvetakinga.

**Normavlinga kan ikkje bli justert opp:** Det vil framleis vere slik at føretak som normalt har høgare avling enn normavlinga vanskelegare kan få erstatning (høgare eigenrisiko). Normavlinga i heile Hordaland er sett til 540 FEm/daa for fulldyrka areal og 430 FEm/daa for overflatedyrka. Vi oppfordrar likevel føretak med høgare snittavlingar til å søkje og synleggjere avling tidlegare år, i tilfelle dette kan vere grunn til å vurdere regelverket for framtida.

**Meldeplikt og Dokumentasjon**

- Søkjar skal melde mogleg skade til kommunen «utan ugrunna opphald». Kommunen kan vurdere at melding no om hausten når ein ser at ein ikkje klarte meir innhausting er tidleg nok.
- Med melding til kommunen og dersom kommunen kjem på besøk: Kommunens vurdering vil sikre den dokumentasjonen som det er krav om.
- Dersom kommunen ikkje er på besøk, må føretaket levere dokumentasjon på skadeårsak, til dømes bilete, vurdering frå rådgjevar eller anna.

### Angående uttale og vurdering frå kommunen til kvar sak:

- Vi rår til at kommunen drar på stadleg kontroll i alle saker, då dette vil gjere vurdering av agronomiske tilhøve mykje enklare.
- Kommunen kan gjerne gjere avtale med Norsk Landbruksrådgiving eller andre om å gjere vurdering på vegne av kommunen. Slik avtale må vere inngått i forkant av besøket, og rådgjevaren må ha forståing for regelverket og formålet med kontrollen. Vedlagt: Forslag til avtalemal mellom kommunen og rådgjevingssfirma ved stadleg kontroll. Dokumentet kan òg vere til hjelp for kommunen ved stadleg kontroll.
- Ang årsak og normavling: Er det grunn til å tru at vanleg avling på føretaket er *lågare* enn normavlinga for Hordaland? Aktuelle tilhøve å omtale kan vere:
  - Naturgitte tilhøve: Høgde over havet / klima / nordvendt / jord ..
  - Er det nokre areal som er mindre eigna for dyrking / hausting, til dømes ikkje godt nok tilpassa endra klima? Areal der det alltid er vått.
  - Agronomi i vanlege år: Kva er gjødslinga, tal slåtter, gamal eller ny eng, ugrassituasjon, raigras eller ikkje, hjortebeiting .
  - Fasitsvaret kan liggje i eventuelle avlingsregistreringar frå tidlegare år, til dømes gjennom Tine.

Når normavlinga er lågare enn 540 FEm/daa må kommunen justere dette ved å endra på klimaprosenten.

### Årets avling - korrigering for fôring og beiting:

- Måling av fôrlager bør skje før ein begynner å fôre av årets avling. Sjå rundskriv pkt 2.7.3. Dersom oppmålinga skjer etter at ein har starta med fôring frå årets avling, skal dette fôropptaket bli lagt til. Oppmålt grovfôrlager skal førast inn i punkt 4 i søknadsskjema. Korrigering for fôring frå årets avling skal førast i punkt 5 i søknadsskjema.
- I punkt 5 i søknadsskjema skal ein også føre opp kor mykje dyra har beita på dyrka areal. Beiteopptak på dyrka areal er ein del av den avlinga ein får frå arealet. Dersom det er gradvis færre dyr som beitar ute, må ein setje dato etter skjønning for når beitinga i hovudsak er ferdig. NB! Beiting på innmarksbeite skal ikkje bli ført opp.

Vi beklagar sein informasjon. Dette er dels tilhøve som blei oppklart i går og dels svar på spørsmål vi har fått.

Med venleg helsing

Øyvind Vatshelle  
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland  
landbruksavdelinga  
tlf: 55 57 21 78

[www.fylkesmannen.no/Hordaland](http://www.fylkesmannen.no/Hordaland)

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

[Send melding til Fylkesmannen](#)

**Fra:** [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) [<mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no>]

**Sendt:** mandag 16. oktober 2017 14:28

**Til:**

**Emne:** Erstatning klimabetinga avlingssvikt grovfôr - sakshandsaming